

Galleri G Guddal AS, Guddalstunet, Rosendal, tlf 95 78 63 22, www.galleriguddal.no

PRESSEMEDDING

Fredag 4. juli opnar PUSHWAGNER festivalutstilling i Galleri G Guddal, Rosendal.

HARITON PUSHWAGNER (døypenavnet er Terje Brofos, f. Oslo 1940) tok kunstnarnavnet sitt i hippie-epoken. "Hari"- står for Hare Krishna, "-ton" gjev navnet tyngde. "Pushwagner" refererer til supermarkeda sine trillevogner - eit spark til konsumsamfunnet. Pushwagner si verd er like aktuell i dag som då han skapte den på 1960-talet, som hans berømte tegneserie, Soft City, med 269 teikningar i A3-format laga mellom 1969 og 1975. Frå denne verda spring alle hans motiv ut. Frå Selvportrett, der han gjennom eitt år i 1972 under ein psykose, teikna inn 23 000 menneskefigurar i ei meterhøg hovudform , er unikt i verdshistorien.

- Pushwagner viser oss destruksjonen, det negative ved moderniteten. Kvalmen i systemet. Og han treff samfunnet og enkeltindividet sin berøringsangst relatert til dei store spørsmåla. Avmakten er framtredande i samfunnet i dag, ikkje minst når det gjeld klimaendringane, fattigdomsproblematikken eller den aukande økonomiske krisa i Europa. Det er få som grip tak i dei store perspektiva og dei eksistensialistiske spørsmåla slik han gjer i samtidskunsten / eller politikken. Hva slags verd er det vi lever i? Men Pushwagner brukar satire og galgenhumor. Kanskje blir folk også betekne av den fine skraveringa, detaljrikdommen og fargar og form, det suggererande perspektivet og repetisjonen som han heile tida brukar som ein slags effekt.

Dei siste åra har vore gode for Pushwagner. Han fekk Oslo by sin kulturpris i 2008, og sommaren 2009 prega verka hans Oslo S og Trondheim sentralbanestasjon. I 2011 kom filmen "Pushwagner", regissert av Even Benestad og August B. Hanssen. I 2012 hadde Pushwagner sin første store separatutstilling utanfor Norge. I Milton Keynes Gallery, ein times köyretur frå London. Utstillinga gjekk deretter vidare til Haugar Vestfold Kunstmuseum og Museum Boijmans Van Beuningen i Rotterdam. I denne sammenhengen kåra avisas The Guardian Pushwagner til "Artist of the week" i begynnelsen av august 2012.

Pushwagner kjem sjølv til ustillingsopninga.

Opning v/ Petter Mejländer.

Musikk v/ Sebastian Lamberg Torjussen, tuba og Tobias Lamberg Torjussen, trombone.

Filmen til Even Benestad og August B. Hanssen blir tilgjengeleg for publikum i heile utstillingsperioden.

4. juli – 17. august 2014. Ope kvar dag kl. 11 – 16.